



SAKSHANDSAMAR
Kristi Vindedal

VÅR REF.
13/03111-2

ARK. Forvaltningsarkivet
351.8

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO

25.04.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Sjå mottakarliste

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse - orientering om forprosjekt i Hordaland

Riksantikvaren har i samarbeid med fylkeskommunen i Hordaland sett i gang eit forprosjekt for å prioritere kulturhistoriske landskap i Hordaland som er av nasjonal interesse. Eit tilsvarende prosjekt vert gjennomført i Østfold. Dette er eit ledd i arbeidet med å etablere eit register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Miljøverndepartementet bad i 2013 Riksantikvaren om å starte eit slikt arbeid. Dette er følgt opp av Klima- og miljødepartementet i tildelingsbrevet til Riksantikvaren for 2014.

Den europeiske landskapskonvensjonen som Noreg har godkjent, gjeld *alt* landskap - frå bylandskap til kyst- og fjellandskap, frå særleg verdfulle landskap til landskap som treng kvalitetshevande tiltak. Han utfordrar landa til å erkjenne at kvalitet i og mangfald av landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. For å kunne gjere dette på ein god måte, trengst det m.a. oversikt over kva landskapsverdiar som finst. Landskapet er både ein verdi som skal forvaltast og ein ressurs som kan utviklast og gje grunnlag for ny verdiskaping. Konvensjonen oppmodar difor til å kartlegge og prioritere landskap. Kulturminneforvaltinga har eit særskilt ansvar for å halde oversikt over kva kulturhistorisk verdfulle landskap som finst.

Arbeidet i Hordaland og Østfold skal munne ut i eit førebels utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i desse fylka. Forprosjektet skal og gje naudsynte erfaringar for å avgjere om og korleis eit landsomfattande prosjekt skal gjennomførast.

Det overordna målet med å setje i gang eit slikt arbeid er å kunne formidle kunnskap om viktige kulturhistoriske landskap til samfunnsaktørar som påverkar og styrer utviklinga av landskapa. Vi ønskjer med dette å bidra til ei god forvaltning av landskap generelt og desse prioriterte kulturhistoriske landskapa spesielt. Kommunane er ein av dei viktigaste forvaltarane av landskap. Gjennom m.a. planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova har kommunane verkemiddel til å påverke utvikling og vern av landskap.

Registeret vil ikkje i seg sjølv innebere vern av dei prioriterte områda, men Riksantikvaren ønskjer at utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal verte ein premiss for lokal planlegging og forvaltning, - og for regional og nasjonal planlegging. Arbeidet vil gje eit kunnskapsgrunnlag som gjer at kommunane kan drive ei betre lokal forvaltning av landskap med kulturhistoriske verdiar. Kulturminneforvaltinga ønskjer å vere meir føreseielege overfor

kommunane ved å klargjere kva kulturhistoriske landskap som vi prioriterer til å vere av nasjonal interesse. Utvalet av område vil også vere eit verktøy for kulturminneforvaltinga og deira innspel til kommunal og regional arealplanlegging og samarbeid med ulike sektorstyresmakter. Vi vonar at registeret kan bidra til styrke dialogen mellom kommunane og regional kulturminneforvalting tidleg i plansaker, slik at ein kanskje kan unngå konflikter om arealbruken i verdifulle landskap.

Med dette informasjonsbrevet vil Riksantikvaren orientere om at arbeidet er i sett i gang. Planen vidare er at kommunane og regionale styresmakter skal få eit framlegg til utval av kulturhistoriske landskap i Hordaland på høyring i løpet av mai-juli 2014. I høyringsperioden vil Riksantikvaren i samarbeid med fylkeskommunen arrangere eit møte der framlegget vert presentert og det vert høve til å komme med spørsmål, kommentarar og eventuelle innspel til endringar. Kommunane vert inviterte til møtet og får saka på høyring uavhengig av om det er føreslege område i kommunen. Vi ber dykk halde av onsdag 11.juni for eit høyringsmøte i Bergen.

Vi tek sikte på at forprosjektet skal ferdigstillast i løpet av hausten 2014. Dei utvalde områda i dei to prøvefylka vil då bli lagde inn i Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden med kartfesting og skildringar.

Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift

Beste helsing

Marit Huuse (e.f.)
avdelingsdirektør

Jostein Løvdal
seksjonssjef

Kopi til: Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030 OSLO/ Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO/ Miljødirektoratet - Trondheim, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Askøy kommune		pb 323	5323 Kleppestø
Austevoll kommune			
Austrheim kommune			5943 Austrheim
Bergen kommune - Byantikvaren		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bergen kommune - Plan- og miljøetaten		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bømlo kommune		Rådhuset	5430 BREMNES
Eidfjord kommune		Simadalsvegen 1	5783 EIDFJORD
Etne kommune		Postboks 54	5591 ETNE
Fedje Kommune			5947 Fedje
Fitjar kommune		Postboks 83	5418 FITJAR
Fjell kommune		Postboks 184	5342 STRAUME
Fusa kommune			5640 Eikelandsosen
Fylkesmannen i Hordaland		Postboks 7310	5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Landbruksavdelinga landbruksavdelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernadelinga Miljøvernadelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Granvin herad		Postboks 13	5733 GRANVIN
Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.		Postboks 7900	5020 BERGEN
Jondal kommune		Kommunehuset	5627 JONDAL
Kvam herad - Utvikling		Kvam rådhus - Grovagjelet 16	5600 NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune			5470 ROSENDAL
Lindås kommune		Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune			5981 MASFJORDNES
Meland kommune			5918 FREKHAUG
Modalen kommune			5729 MODALEN
Odda kommune		Opheimsgata 31	5750 ODDA
Os kommune (Hordaland)		Postboks 84	5202 OS
Osterøy kommune			5282 LONEVÅG
Radøy kommune		Krossvegen 8	5936 MANGER
Samnanger kommune		Tyssevegen 217	5650 TYSSE
Stord kommune		Postboks 304	5402 STORD
Sund kommune		Postboks 23	5371 SKOGSVÅG
Sveio kommune		Postboks 40	5559 SVEIO
Tysnes kommune		Rådhuset	5685 UGGDAL
Ulvik herad		Skeiesvegen 3	5730 Ulvik
Vaksdal kommune		Konsul Jebensgate 16	5722 DALEKVAM
Voss kommune		Postboks 145	5701 VOSS
Øygarden kommune			5336 TJELDSTØ

Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga		Postboks 7900	5020 BERGEN
---	--	---------------	-------------